

# Feira luftslottet på Herr Nilsen

OSLO: – Rein latskap, seier Terje Kjørlaug om kvifor det har tatt åtte år før Hayseed endeleg kan kalle seg «recording artist».

ODD INGE RAND

– Då har vi endeleg fått til å lage ei heil plate. Det har tatt oss åtte år, men vi var eigentleg klare etter sju og eit halvt, spøkte vokalist Morten Fredheim på jazzklubben Herr Nilsen, då det var plateslepp måndag denne veka.

Men det var langt frå jazz som blei framført, snarare tvert imot. Det smekkkfulle lokalet fekk med seg kanskje ein av landets beste ambassadørar av den tidlause gitarriif-orienterte 70-talsrocken.

På coveret er det eit gammalt bilde av Standal-bygget, der Florø-gitaristen Terje Kjørlaug i sine yngre år henta mykje av inspirasjonen i øvingslokalet i kjellaren. Der gjekk det i Free, Thin Lizzy, Aerosmith og Deep Purple – noko ein lett kan høyre på Hayseeds første album.

## Luftslott

Etter mange år med demo- og EP-innspeilingar blei tankane og praten om eit heilt album til eit einaste stort luftslott, dermed tittelen «Pipe Dreams». Men no er 10 låtar frå fleire av epokane til bandet festa til tape, meste-parten gjort i Electric Bureau Studios i Oslo med Håvard Caspersen og Ture Janson bak spakane. Produksjonen gjenskarar bandet slik dei har blitt høyrte av svært mange frå scenene rundt om i landet sidan millenniumskiftet. Det er trommer, bass og gitar utan noko meir jåleri, sølv om noko medhjelparar er med på blant anna fele og orgel på eit par spor.

– Eit par av låtane er spelt inn heilt live, berre med pålegg av vokal etterpå. Det får kanskje fram det litt meir levande aspektet. At det difor kan vere ein småfeil her og der, er jo berre ein del av sjarmen, seier Terje Kjørlaug – vel vitande om at dei aller fleste referansepla-

## Fullt hus i Oslo på Hayseed-plateslepp

tene hans frå 70-talet blei laga akkurat på denne måten.

Vidare har Hayseed på ein låt som «Wings» teke han heilt ut med ekte strykarar og masse gitarpålegg i studio.

## Latskap

– Grunnen til at det har tatt så lang tid, er eigentleg rein og skjær latskap, innrømmer Kjørlaug.

Men han, til liks med dei tre andre, har også mange andre prosjekt å bruke tid og krefter på. Å mobilisere til øving, studiobesøk eller til og med spelejobbar er ikkje alltid like enkelt.

– Å ha plateslepp to dagar etter 17. mai er eitt av fleire kompromiss vi har gjort, flirer ein letta Terje Kjørlaug etter å ha trekt fullt hus med Hayseed på ein vanskeleg dag i utgangspunktet.

I løpet av den snauve timen bandet stod på scena, stod venner og kjende frå heile musikkbransjen og nikka tilfreds til Hayseeds smakfulle og stilreine omgang med instrumenta sine. Låtar som «Nowheresville», «The Company» og nokre nyare låtar blei framført med stor overtyding. Men planar om noko ny plate ligg langt fram i tid.

– Vi har nok låtar til å fylle ei plate til, men ønsket er vel eigentleg å lage mest muleg nytt til å få gått i studio med ferskt materiale når vi får tid til det, seier låtskrivaren og kapteinen i Hayseed, Terje Kjørlaug.

## Digital distribusjon

«Pipe Dreams» er enklast å få tak i igjennom iTunes og andre digitale portalar.

– Det er den enklaste måten for distribusjon av musikk i dag. Her treng ein nødvendigvis ikkje kjøpe heile plata heller, noko som gjer det svært fleksibelt for folk, fortel Terje.

Plata er elles trykt opp i 500 eksemplar for dei som vil ha eit handfast album, som bandet skal ha med rundt når dei turnerer.



ROCKA JAZZKLUBBEN: Hayseed leverte varene under platesleppet på jazzklubben Herr Nilsen måndag 19. mai. Foto: Odd Inge Rand.

## Har hausten fullboka

Hayseed-medlemmene går mot ein travel haust.

I tillegg til andre bandprosjekt, og solo-sysling har Hayseed som band mange jobbar framover. Planane deira om nokre lengre turnear kjem ikkje til å bli noko av for tidlegast til hausten.

– Vi har i dei siste åra gjort mykje for Rikskonsertane, både i Sogn og Fjordane og elles. Til hausten blir det ein runde rundt Jæren-området først, så skal vi dekke ungdomsskulane i Vestfold seinare på hausten i 2008 og på våren i 2009, seier Terje Kjørlaug.

Men han utelukkar ikkje at det kan bli ein tur til Florø likevel.

– Er vi ønskte ein plass, så skal vi alltid klare å samle troppane til å ta oss ein tur, avsluttar ein litt morgontrott Terje Kjørlaug dagen etter det etterlengta platesleppet.



VETERANSKIP: Veteranskipet «Atloys»

## Vil ha guide til veteranskip

FLORØ: Atløys Venner, som driftar veteranbåten «Atloy», vil tilsetje eigen guide i sommar.

Atløys Venner søker etter guide for 22 dagar i Flåm/Gudvangen

til sommaren.

– Dette kan vere ein kjempe-sjansje til ein eventyrlig sommarjobb for ein ungdom på 18-20 år. Det skal guidast på to turar for dagen, og turane går frå Flåm mot Gudvangen og retur. Full opplæring vil bli gjeven, og ein

kan bu og ete om bord på ekte sjømannsvis saman med dei andre mannskapa, fortel primus motor hos veteranskipsvennene, Sander Ødelien.

Til vanleg betalar Atløys Venner mannskapa sine med til domes så mykje kaffi ein ynskjer.

Denne jobben vil i tillegg bli betalt med blanke kroner.

– Passasjerane vil for ein stor del vere norske, men det er nødvendig i allefall å kunne gjere seg forstått på engelsk og gjerne fleire språk.

Meir info på [www.atloy.com](http://www.atloy.com).